



DEN NORSKE KYRKJA

Ålhus sokneråd

Møtebok

Styre, råd og utval Ålhus sokneråd	Møtestad Vassende kyrkjesenter	Møtedato 05.05.26
Arkiv nr.	Møtestart 20.05	Møteslutt 20.50

Til stades på møtet:

Magne Kristian Kvinge,(1. vara) Bernt Kjøsnes, Solveig Steenslid Lesto, Inger Johanne Klakegg, Ingeborg Bråttvik Slåtten, Annette Svidal Slåtten, Bernt Kjøsnes,

Meldt forfall:

Saker 12-18/26

Utskrifter:

Faste- og vara medlemmar (jf lister).

Sak 12/26 Godkjenning av innkalling

Framlegg til vedtak: Innkallinga vert godkjent utan merknad

Vedtak: Innkallinga vart godkjent utan merknad

Sak 13/26 Godkjenning av Møtebok frå 26.03.26

Framlegg til vedtak Møtebok vert godkjent utan merknad

Vedtak: Møteboka vart godkjent utan merknad

Sak 14/26 Innsetting av vår nye sokneprest Selma Dahle Kraft 23.august kl 14 i Ålhus kyrkje.

Annette er klokkar. Solveig kjøper blomster, bestiller 2 kringler og stiller som ekstra kyrkjevert. Dei to + Ingeborg og Inger Johanne tar med 2 kanner kaffi kvar. Magne sjekker beholdning av koppar, servietter og saft. Kanskje vi kan få Anne Turid Taklo eller Ingunn Støfring til å spele ? Solveig snakker med Rune Molvik om saka.

Sak 15/26 Konfirmantjubileum 23. august, Ålhus sokn i Ålhus kyrkje

Ingvill spør Marit Berg om ho vil dra i gang komite for 50 års konfirmantane, og ho prøver å finne adresser til jublantane. Annette lager innbyding og komiteen får tilbod om å sende si innbyding i same konvolutt.

(Før referenten rakk og sende ut referatet hadde Ingvild snakka med Marit Berg, som ikkje kunne ta på seg oppgåva. Ingvill kontakta då Vidar Grimsbø som tok saka. Ho hadde også klar adresseliste for samtlige jubilarar. Godt jobba ! Inger Johanne sender adresselista til kyrkjekontoret.)

Sak 16/26 Klokkaroppgåver ved gudstenester

Ålhus sokn manglar klokkar, og det er ikkje haldbart for framtida å ha ei slik ordning som vi no har; at klokkartenesta blir ein dugnad frå soknerådet. Soknerådet oppfordrer difor fellesrådet til å finne ei ordning med fast løna klokkar, for eks ein eller to skuleelevar .

Sak 17/26 Meldingar/orientering

Song mot sommaren v/SkeiVasskoret med dirigent Gro Gunnarson, Rune Molvik m.fl på Vassenden kyrkjesenter 04.06.26 kl 18.00

Revisjonsmelding frå uavhengig revisor motteke og tatt til orientering.

Siste tidebøn før sommarferien vert 16. juni 2026

Tilkomne saker

Sak 18/26 Brev frå styret i Vassenden kyrkjesenter

Styret i Vassenden kyrkjesenter søker Ålhus sokneråd om økonomisk støtte til nytt tak på kyrkjesenteret. Soknerådet vil ha litt meir info om plan og pris før ein tar stilling til dette.

Inger Johanne Klakegg
referent